



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - konsesjonspliktavurdering - Torolmen kraftverk - Årdal

Torolmen kraftverk er i stor grad basert på eksisterande infrastruktur i eit område som allereie er påverka, og dette ser vi som positivt. Det er likevel klåre naturverdiar i området, og det er vanskeleg å ta stilling til prosjektet fordi vesentlege delar av påverknaden (omfang og lokalisering av massedeponering) ikkje er avklart. Statsforvaltaren legg til grunn at ei utbygging skjer etter prinsipp om berekraftig bruk, med minst mogleg nye naturinngrep.

Vi viser til høyringa søknad om fritak frå konsesjonsplikt for Torolmen kraftverk.

Kva høyringa gjeld

Hydro Energi har søkt om å få vurdert om bygging av Torolmen kraftverk er konsesjonspliktig. Eit Torolmen kraftverk fekk konsesjonsfritak i 2014, men prosjektet blei ikkje realisert, og byggefristen er gått ut.

Kraftverket skal byggjast i fjell, i tilknytning til den eksisterande overføringstunnelen mellom magasina Tyin og Torolmen. Turbinen blir på ca. 9 MW, slukeevna på ca. 32 m³/s, og det er estimert eit årleg energiutbytte på 30 GWh. Prosjektet vurderer òg ein turbin med noko større slukeevne, for å kunne utnytte meir av vatnet som går i tunellen. Drifta av det nye kraftverket vil bli tilpassa gjeldande manøvreringsreglement for Tyin og vil ikkje endre påverknaden på omgjevnadene. Kraftverket skal knytast til nettet gjennom ein 22 kV-leidning i nærleiken.

Natur- og landskapsinngrepa dreiar seg i hovudsak om tilkomst til kraftverket og deponering av massar. Det er estimert eit masseoverskot på inntil 30 000 m³. Tiltakshavar vil sjå etter løysingar for samfunnsnyttig bruk av massane, eksempelvis gjennom etablering eller forsterking av vegar og parkeringsplassar i området. Eventuelle resterande masser vil bli deponert på eigna stad, i dialog med kommunen, grunneigarar, NVE og interessantar. Dette vil bli nærare vurdert i detaljplanen for miljø og landskap.

I naturmiljørapporten er tiltaket vurdert til å få *noko miljøskade*, basert på naturkartlegginga etter Miljødirektoratets instruks (NiN). Det blei funne ein nær truga naturtype, fattig lågalpin hei, med innslag av lesidesamfunn, med *høg kvalitet* og dermed *stor verdi*. Det blei gjort enkeltfunn av dei raudlista fjellplantene moselyng og høgfjellskarse (begge nær truga). Sidan tiltaket har avgrensa omfang i ein allereie påverka naturtypelokalitet, og det er anteke at areal med dei to raudlisteartane



ikkje blir påverka, er tiltaket vurdert til å få *noko miljøskade*. Det blir peikt på at det viktigaste avbøtande tiltaket er å unngå unødige mellombelse fysiske inngrep, inkludert å plassere maskiner eller lausmassar på stader som ikkje skal bli varig fysisk påverka.

Vår vurdering

Opprusting/utviding av eksisterande reguleringar kan vere viktige bidrag til å nå nasjonale mål om energiutbygging, og kan ofte vere å føretrakkje framfor utbygging av nye vassdrag. Torolmen kraftverk skal baserast på ein eksisterande vass tunnel, og eit gjeldande manøvreringsreglement. Ei utbygging vil likevel innebere nedbygging av noko naturareal av stor verdi, og handteringa av overskotsmassar kan innebere inngrep som ikkje er omtalt i søknaden.

Det er vanskeleg å vurdere miljøverknadene av utbygginga på grunn av den mangelfulle omtalen av inngrepa i søknaden. Til dømes er ikkje massehandteringa konkretisert utover at dei utsprengde massane frå tunnelarbeidet er planlagt brukt til utbetring av eksisterande vegar og parkeringsplassar, og at resten skal deponerast på eigna stad. 30 000 m³ stein svarar til om lag 2000 lastebillass, og massehandteringa utgjør ein så vesentleg del av naturinngrepet at den burde ha vore betre utgreidd i søknaden, og ikkje overlate til detaljplanen. Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243.

Søknaden manglar også ei omtale av § 8-12 i naturmangfaldlova. Vi legg til grunn at utbygginga skjer etter miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, med minst mogleg nye naturinngrep. Alle anlegg bør tilpassast godt til terreng/landskap, og området bør setjast i stand att i tråd med moderne praksis, basert på naturlege terrengstrukturar og den lokale frøbanken.

Vegtilkomsten kjem nær eksisterande utbygt areal. Det vil bli inngrep i ein nær truga naturtype, men i avgrensa omfang, slik at konsekvensen er vurdert til *noko miljøskade* i naturmiljørapporten. Vi ser at rapporten viser til både Miljødirektoratets rettleiar M-1941 og Vegvesenet si handbok V712 når det gjeld metodikk for konsekvensvurdering. Dei to har noko ulik omgrepsbruk, men det spelar inga rolle for vurdering av verdi, påverknad og konsekvens. Ettersom området no er kartlagt med tanke på naturtypar og artar to gonger, reknar vi med at verdivurderinga er rimeleg sikker, sjølv om påverknad og konsekvens av massehandteringa framleis må reknast som høgst usikker. Det er viktig at punkt 5 i naturmangfaldrapporten blir følgt opp, særleg det som gjeld spreiding av framande artar og reinhald av maskiner.

Søknaden omtalar at villreinen, som er raudlista og nasjonal ansvarsart, skal ivaretakast, i samråd med villreinnemnda. Tiltaket kjem nær eksisterande infrastruktur og hyttefelt, og det er ikkje venta at tiltaket vil påverke trekkruiter.

Det er omtalt i søknaden at det går ei viktig sommarturroute frå Torolmen til Slettningsbu. Vi konstaterer at representantar for turinteressene vil bli involvert i anleggsfasen.

Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Tiltakshavar må avklare med Statsforvaltaren om tiltaket krev løyve etter forureiningslova.

Med helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Årdal kommune

Vestland fylkeskommune

Statsråd Evensensveg 4

Postboks 7900

6885

5020

ÅRDALSTANGEN

BERGEN